

Fredsæl forskar og fagfelle

Per Halse fylte 65 år 24. januar 2022. Med dette heidersskrifet vil vi helse ein god kollega og fagfelle i høve åremålsdagen.

Per Halse kom heim til Ørsta og tok til å undervise ved Høgskulen i Volda i 1991. Då hadde han vore mange år i Oslo for å fullføre presteutdanninga han satsa på. Deretter var han frå 1985 til 1991 kateket og prest i Nord-Hålogaland. I denne tida tok han tilleggsutdanning i både historie og pedagogikk.

Ved Høgskulen i Volda fekk han tidleg ord på seg for å vere ein dugande førelesar, og snart vart han òg forfattar. Den første læreboka kom i 1999, ei innføring i bibelkunnskap med tittelen *Gudsord og menneskeord*. Boka låg til grunn for at han same året vart førstelektor. Så skreiv han, saman med Hallgeir Elstad, *Illustrert norsk kristendomshistorie*, som kom ut på Fagbokforlaget i 2002, og snart hadde Per fått lyst til å skrive og forske meir. Han tok seg god tid, men i 2009 fullførte han eit omfattande forskingsarbeid om korleis nynorsk mål fann fotfeste i Den norske kyrkja. Det vart ei doktoravhandling som han forsvarte i disputas ved Universitetet i Oslo om hausten same året.

Etter det vart han administrator. I fire år, frå 2011 til 2015, var han rektor ved Høgskulen i Volda. Sidan har han hatt fleire viktige og tidskrevjande verv, både på høgskulen, i den lokale kyrkja og i tilknyting til Nynorsk kultursentrum. Det første han gjorde etter rektorperioden sin, var likevel å fullføre endå eit forskingsarbeid. Det vart til ein biografi om Peter Hognestad, han som skapte seg ein urikkande plass i norsk skule- og kyrkjesong som gjendiktar av «Fager kveldssol smiler», «Det hev ei rosa sprunge» og «Leid, milde ljos». Ikkje alle kjenner han lenger, men

Per Halse gjorde eit særsviktig arbeid for å få Hognestad fram frå skuggen av andre som vart lagt meir merke til i kampen for det nynorske målet. Halse har teikna eit truverdig bilet av Hognestad som ein stridsmann i kampen som førte til at vi fekk bibel og salmebok på nynorsk. Når den historia vert samtaletema, kan det vere andre namn vi kjem på før Hognestad. Men om lærarutdannaren, presten og biskopen Hognestad er gløymt av mange, har Per Halse gjort oss grundig merksam på mirakelet Hognestad stod for: Han fekk heile Noreg til å syngje nynorsk, med salmar som framleis vert sungne av dei aller fleste – og det ikkje berre i kyrkja.

Per Halse har dei siste åra gått inn i fleire leiaroppgåver ved høgskulen, sidan 2019 som prodekan for forsking ved Avdeling for humaniora og lærarutdanning. Innsatsen hans med å dokumentere historia til det nynorske bibelspråket resulterte i 2021 i boka om Fyrebilsbibelen. «*Den fyrste bibelen paa norsk*», som han gav ut saman med Anders Aschim i jubileumsåret for denne bibelutgåva. Året 2021 var produktivt. Saman med Hallgeir Elstad gav han òg ut ei ny lærebok på Det Norske Samlaget: *Norsk kristendomshistorie*.

Vi har kalla denne boka *Tru, språk, historie*. Både tittelen og innhaldet har nær tilknyting til Pers forskingsinteresser. I god historisk ånd har vi valt ein kronologisk framfor ein tematisk struktur, ordna etter emnet for dei ulike bidraga. To essay som dreg opp større historiske linjer, rammar inn ei rad detaljstudiar. I det første bidraget, «Kristendommens metamorfosar», rissar *Per Magne Aadnanes* opp korleis vilkåra for kristeleg livssynsdanning har endra seg gjennom historia, i samspel med kultuelle og samfunnsmessige endringar. Til slutt i boka drøftar *Torgeir Parr Dimmen* korleis stillinga til nynorsk mål har utvikla seg gjennom tidene på ulike samfunnsområde.

Reformasjonen har vore eit sentralt tema i dei to historiebøkene Per har gjeve ut. Medforfattar *Hallgeir Elstad* gjev her eit historiografisk bidrag, ein analyse av ulike syn på reformasjonen innan norsk akademisk kyrkjehistorieskriving i første del av 1900-talet.

Marie Nedregotten Sørbø undersøker resepsjonen av den engelske tidlege 1800-talsforfattaren *Hannah More* i Noreg. Avhengig av kva for sider ved det omfattande verket hennar ulike aktørar fokuserer på, vert ho dels

oppfatta som protofeminist, dels som forfattar av andaktslitteratur. *Ralph Meier* tek oss med til det norske Amerika midt på 1800-talet. Han viser korleis norsk-amerikansk kyrkjeliv stod overfor organisatoriske utfordringar når ein skulle etablere ei kyrkjeordning under heilt andre forhold enn den norske statskyrkja.

Så er vi på overgangen til 1900-talet. *Atle Døssland* kastar nytt lys over spenninga mellom frilynte og meir pietistisk orienterte miljø i vestnorske bygdesamfunn. Med utgangspunkt i lokalhistorisk materiale frå ulike stader får han fram nyansar i utviklinga over tid. Den same spenninga er sentral i romanane til Matias Orheim. *Jan Inge Sørbø* viser her fram ei interessant, men lite kjend side ved denne populære predikanten og songfattaren. *Anders Aschim* dokumenterer og drøftar ein lite kjend del av verket til ein annan nynorskforfattar, det omfattande bibelomsetningsarbeidet til Ivar Mortensson-Egnund.

I siste del av boka er vi inne i det som for jubilanten (og forfattarane) er samtidshistorie. *Birger Løvlie* gjev ordet til ein viktig aktør i den kyrkjelege reformrørsla i siste halvdel av 1900-talet, biskop Per Juvkam. *Ottar Grepstad* nyttar ein mediehistorisk augneblink – den første filmen som vart teksta på nynorsk i norsk fjernsyn – som innfallsport til det kompliserte forholdet mellom nynorsk språk og populærkulturen. *Jan Ove Ulstein* analyserer debattane på 1970-talet om kvinnelege presttar og underordningsteologi i kunnskapssosiologisk lys. Og *Bente Afset* viser i ein kasusstudie av eit intermedialt arbeid med bibeltekst i skolen at teikneserieforma kan gje rom for fleire dimensjonar av kreativitet og kunnskaping.

Bidragsytarane er kollegaer, samarbeidspartnarar og vener av Per Halse. Dei kjem frå ulike fagfelt: teologi, religionsdidaktikk, historie, idéhistorie, litteratur- og språkfag. Til saman fortel desse bidraga mykje om det vide kunnskaps- og interessefeltet til Per Halse.

Volda, Oslo, Hamar i mai 2022

Anders Aschim, Bente Afset, Hallgeir Elstad og Birger Løvlie

KAPITTEL 1

Kristendommens metamorfosar. Eit essay om vilkåra for kristeleg livssynsdanning gjennom tidene

Per M. Aadnanes

Professor emeritus, Institutt for religion og livssyn, Høgskulen i Volda

Abstract: This essay describes the changed conditions for the evolution of Christian beliefs and life view in the context of Western culture and society. An important premise for such description is the insight that reception of any religious or philosophical perspective on life will take place within the cultural preconditions that apply at any given time. This means that we must always expect a certain mutual diffusion and integration of notions, ideals and attitudes between a specific religious tradition and the wider cultural and societal context. This also applies to the role and destiny of Christianity in Western cultural development.

To give an overview of this, the concepts *Christianization/secularization* and *pre-modern/modern* are of central importance. The first pair of concepts sheds light on the historical processes that allow us to place a crucial shift between epochs around 1500 AD. Furthermore, the second pair of concepts characterize the two opposite worldviews competing over the conditions for forming Christian views and beliefs in the aftermath of this shift.

The main concern of the essay is the challenges the formation of a Christian view of life has been exposed to in modern times, where a tradition of premodern origin meets a cultural development characterized by modern life perspectives. This does not only concern a new worldview; it also concerns a new understanding of man and his place and role in the world. The fact that modernity in its late edition is somewhat ambiguous and struggling with inner paradoxes has led to more varied and pluralistic Christian views and beliefs today than in any previous era.

Keywords: Christianity, worldview, life view, christianization, secularization, modernity

Sitering: Aadnanes, P. M. (2022). Kristendommens metamorfosar. Eit essay om vilkåra for kristeleg livssynsdanning gjennom tidene. I A. Aschim, B. Afset, H. Elstad & B. Løvlie (Red.), *Tru, språk, historie. Heiderskrift til Per Halse* (Kap. 1, s. 11–50). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.165.ch1>

Lisens: CC BY-NC-ND 4.0